

HISTORIKAR VERK SEMDA

Kulturminnedokumentasjon

Ytrebygda, gnr. 37, bnr. 5 m.fl. Østre Nordeidbrekka
Plan-ID 4601-66230000 - Bergen kommune

Innleiing	3
Historie og kulturminnemiljø	4
Andre kulturminner	4
Bygningsmiljø	5
Bygningshistorikk	8
Våningshus 1	8
Våningshus 2	8
Bilder frå synfaring av våningshus 2	9
Løa	11
Tilstand på løa	11
Bilder frå synfaring – løa	12
Litteratur og kjelder	22
Påverknad på kulturminnemiljø	22

Mai 2019

PROSJEKT: Østre Nordeidbrekka gnr. 37/bnr. 5 (saksnummer er 201823462)

TILTAKSHAVAR: Kronheim Invest AS

KONSULENT: En til en arkitekter AS

UTARBEIDD AV: Historikarverksemda SA

SAKSBEHANDLAR: Silje Een de Amoriza, faghistorikar

KONTAKT: silje@historikarverksemda.no | +47 930 92 524

Innleiing

Historikarverksemda SA har utarbeidd føreliggande kulturminnedokumentasjon i samband med detaljregulering for Østre Nordeidbrekka gnr. 37/bnr. 5 i Bergen kommune, på oppdrag frå Kronheim Invest AS og En til en arkitekter AS.

Planområdet ligg i Ytrebygda, og utgjer eit areal på 25,3 dekar. Føremålet med reguleringsplanen er å etablere eit bustadområde i Østre Nordeidbrekka. Det skal byggast rekkehus/horisontaldelte rekkehus organisert i ein tunstruktur rundt eit felles uteopphaldsområde. Tiltakshavar ønsker her å gje eksisterande løe ei sentral plassering som historieforteljande element og identitetsskapar i det nye bustadområdet. Løa får ny bruk i form av sykkelparkering, boder, felleslokaler og leilegheiter. Tiltakshavar legg opp til å rive den eksisterande løa, for så å bygge den opp igjen med tilsvarende materialitat – på bakgrunn av tilstand og behov for sanering av gjødselskjellar. Det er planlagt å behalde silo og låvebru, i tillegg

til gjenbruk av materiale frå den originale bygningen hvis mogleg.

Dette er ein kulturminnerapport og rivedokumentasjon i eitt. Rapporten dokumenterer omkringliggande historie og kulturminner, bygningsmiljø og bygningshistorikk gjennom tekst, bilder og kartmateriale. Rapporten inneheld også ei tilstandsvurdering av løa, og viser korleis dei nye tiltaka vil virke inn på eksisterande kulturminnemiljø/kulturminnestruktur.

Rapporten er basert på aktuell litteratur og relevante kjelder – mellom anna tinglyst materiale, byggesaker, kart, teikningar, fotografi – i tillegg til observasjonar gjort under synfaring av planområdet. Synfaring av planområdet blei utført av faghistorikar Silje Een de Amoriza frå Historikarverksemda og Roger Knutsen, dagleg leiar i Laft & bygg AS. mai 2019. Alle foto er tatt av Historikarverksemda under denne synfaringa med mindre anna er oppgitt i bildeteksten.



Kart over planområdet. Kjelde: En til en arkitekter.

Historie og kulturminnemiljø

Planområdet tilhørte opphavelig garden Haukeland. I følge Fana bygdebok blei Haukeland truleg utskild frå garden Søvik. Før det igjen var Haukeland kan hende del av storgarden Eid. Ei anna moglegheit er at gardane Søreide, Nordeide og Haukeland hadde same eigar i middelalderen, fram til 1600-talet. Dei tre gardane hadde felles utmark.

Haukeland har opphavelig vore ein av dei mindre «land-gardane», og blei sannsynlegvis rydda i vikingtida, kanskje noko før. Arkeologiske funn på slutten av 1800-talet tyder på at her blei drive primitivt jordbruk endå lengre før det igjen også.

Gardsområdet låg mellom Nordåsvatnet i nord og Skranevatnet i sør. I vest grensa garden til Søreide og Nordeide, og i aust til Søvik. Ved inngangen til 1900-talet var der sju bruk på garden.

Etter andre verdskrig auka folketalet i Fana, og særskilt då på sørsida av Nordåsvatnet – i områda Dolvik, Søreide, Nordeide, Haukeland, Søvik, Steinsvik, Nordås og Sørås. Ulike bruk blei selde og parsellert til hus-tomter. I umiddelbar nærleik av planområdet tok det likevel lang tid før det blei bygd ut. Det blei først i all hovudsak bygd ut på nordaustsida av planområdet – på andre sida av Steinvikvegen og nærare Nordåsvatnet. Den store utbygginga like rundt planområdet tok først til i frå 1990-åra og utover. I dag er våningshuset og løa i planområdet to av særst få bygningar, som vitnar om det tidlegare jordbruket her.

Andre kulturminner

Det er ingen SEFRAK-registrerte bygg i planområdet eller i umiddelbar nærleik. Det er heller ingen andre registrerte kulturminner i området.



Dette bildet frå Ytrebygda i 1930 viser tidlegare kulturminnemiljø i området med gardsbygningar og jordbruksland. Det har ikkje vore mogleg å finne eit så gammalt bilde frå sjølve planområdet.

Foto: Ubb billedsamlingen.

Bygningsmiljø


Bygningane i planområdet ligg i dag i eit område beståande av bustadhus med hageområde. Det er lite igjen som vitnar om det tidlegare jordbruket i området. Både våningshuset og løa på bruk 5 blei sett opp etter utskiftinga på garden, og vitnar med dette om det som var ei ny tid i det norske landbruket på slutten av 1800-talet/byrjinga av 1900-talet. Jordskiftekartet på denne sida viser at bygningane i tidlegare tid låg i eit slags rekketun, men likevel ganske spreidd frå kvarandre. Utskiftinga av inn-

marka skapte nye gardstun. På bruk 5 blei våningshuset og løa sett opp eit lite stykke frå kvarandre. Truleg hadde dette med topografi å gjere. Den nye løa var ei såkalla kombinasjon- eller einheitsløe – der fleire av gardsfunksjonane (som i tidlegare tider hadde hatt eigne bygg) no blei samla under eitt som same tak.

Som nemnt over er våningshus og løe på bruk 5 to av særskilte bygningar som i dag vitnar om det tidlegare jordbruket i området. Dette ser ein tydeleg på kart 2 på neste side.




Jordskiftekart frå tidleg i 1880-åra. Viser at husa allereie før utskiftinga stod ganske spreidd. Etter utskiftinga bygde dei fleste brukarane nye hus. Bruk d på kartet tilsvarar bruk 5 i dag. Kjelde: Digitalarkivet.



KART 1: Dette kartet frå 1983 viser at området like rundt bruk 5 på denne tida framleis ikkje var utbygd i særleg stor grad, trass betydeleg folkevekst i Fana. Dei to våningshusa og løa er markert med raud sirkel.

Kjelde: Byggesaksarkivet.



KART 2: På dette kartet er det skrive inn byggeår for bygningar både i planområdet og i området rundt. Våningshus 2 og løa i planområdet er dei eldste husa i området. Kjelde: Bergenskart.no



Widerøe flyfoto frå 1961, planområdet er markert med raud sirkel. Foto: Ubb billedsamlingen.



Widerøe flyfoto frå 1961, planområdet er markert med raud sirkel. Foto: Ubb billedsamlingen.

Bygningshistorikk

Våningshus 1

På det som i dag har adresse Østre Nordeidbrekka 71 stod det tidlegare eit våningshus oppført ein gong i åra 1884–1888 av Nils Haktorsen Haukeland som byksla bruket frå 1852, og deretter kjøpte det på auksjon i 1858. I branntakstprotokollen frå 1888 står det at både våningshus og løa nyleg er oppførde. Våningshuset er skildra som eit nytt tømra einetasjers våningshus – 12,8 m langt, 4,9m breitt og 3,6 m høgt. Det var bordkledt, og med beslag på vestvendt langvegg. Huset var tekka med sutak og teglstein, og hadde kjellar med delvis kalksteinsbeslått gråsteinsmur. I første etasje var der ein gang, kjøkken med spisskammers, eit kammerst og to stover. På loftet var der gang og soverom.

I følge noverande eigar var dette huset oppført med tømmer frå gamle Birkeland kyrkje. Huset blei rive i 1990, og nytt hus oppført i 1991.



Øvt i bildet kan ein sjå austvendt fasade på dei to våningshusa, huset til venstre eksisterer framleis. Heilt til venstre skimtar ein løa. Foto: Utsnitt frå Widerøe flyfoto 1961, Ubb billedsamlingen.

Våningshus 2

Det andre våningshuset på bruket, kårhuset, med adresse Østre Nordeidbrekka 69, blei oppført i perioden 1902–1909 (taksert for første gong i branntakstprotokoll i 1909). Det blei sett opp med stenderverk med utvendig bordkledning på gråsteinsmur – 10,8 m langt, 4,8 m breitt og 4 m høgt. Taket var tekka med dråpeskifer. Vestvendt fasade hadde bislag. Innvendig var her i første etasje gang, kjøkken med spisskammers og eit ovnsværelse. På loftet var der gang, to ovnsværelser og kjøkken med spisskammers.

Ca. 1983 fekk huset eit nytt tilbygg på vestvendt fasade, som i stor grad bryt med det opphavslege uttrykket.

Fasaden mot aust (det som ein gong var tunet der vegen gjekk mellom dei to våningshusa) er den einaste som framstår som opphavsleg, med fleire originale detaljar. Her er originale vindauger og det er framleis skifer på taket. Fasadane mot nord, sør og vest framstår med større endringar. I sør og nord er dei originale vindauga skifta ut. På fasaden mot vest er det originale bislaget vekke, og framstår som totalt forandra med det nye tilbygget.



Våningshus 2. Originale detaljar frå fasaden mot aust.

Bilder frå synfaring av våningshus 2



Huset til venstre er våningshus 2, og viser fasadar mot sør og aust. På fasaden mot aust (langveggen) ser ein framleis originale detaljar – vindauger og tak med skifer. På gavlvegg mot sør er vindauga skifta ut.



Huset til høgre er våningshus 2. Her ser ein fasade mot nord, og deler av tilbygget frå 1980-åra mot vest. Vindauga på gavlvæggen er nytt, og det er usikkert om det har vore dør her tidlegare eller ikkje. På denne sida er her skifer på taket også mot vest.



Det nye tilbygget frå 1980-åra, fasade mot vest.



Fasade mot sør, her ser ein gavlvegg og tilbygget frå 1980-åra mot vest. Her ser ein også at taket på denne sida ikkje lenger har skiferheller.

Løa

Eksakt bygningsår for løa er ukjend. I panteboka står det imidlertid at utskiftinga av innmark for Haukeland tok til i desember 1884. Den første branntakstprotokollen er frå 1888, og her står løa oppført som nybygg. Den blei altså bygd ein gong i tidsrommet 1884–1888. I branntakstprotokollen frå 1888 står den oppført som «ein ny standerverks ladebygning», 10,6 meter lang, 6,6 meter brei og 2,8 meter høg. På synfaringa kunne ein sjå at dette opphavelg har vore ein grindløe-konstruksjon.

Løa hadde 1 etasje med kjellar. Kjellaren bestod av ein høg (2,2 m), delvis kalkbeslått gråsteinsmur. Løa hadde malt bordkledning, tak tekka halvt med takspen og halvt med heller. Den hadde ark på vestleg fasade for inntak av høy. Det var ein kombinasjons- / einheitsbygning som no blei oppført, med fleire funksjonar under same tak. I kjellaretasjen var det innreia med fjøs til kyr og sau, i tillegg til hestestall. I etasjen over dyra var det lagerplass til fôr.

Då det blei gjennomført ny branntakst i 1909 var løa blitt påbygd. Den var no 22 meter lang, 8,7 meter brei og 3,8 meter høg. Det står her at løa no var av dels bordkledd standerverk og dels av murverk. Taket var tekka med teglstein på sutak. Kjellaren hadde no fått betonggolv, og fjøset var i nordenden blitt adskilt med vegg i murstein. Like inntil austvendt langvegg på løa var her no også bygd gjødselskum.

Ser ein på skissa på side 8, henta frå boka *Hus og tun gjennom tidene* av Jan Våge, ser ein at løa som står i Østre Nordeibrekka var eit typisk løebygg for Bergensområdet.

Det er i seinare tid gjort større endringar på løa. Under den nye delen bygd tidleg på 1900-talet er det gravd ut møkakjellar, men det er uvisst når dette blei gjort.




Fig. 214. Døme med husdyrrom i naturstein under stavløe frå slutten av 1800-talet. For å få ei køyrebru inn på tvers er det ark på begge sider av taket. Høy og halm lagrast over dyra. Gjødsla ligg under eit skråtak på langsida. Vanleg løysing til dømes på Bergens-kanten.

Skisse over ei typisk løe frå Bergensområdet.
Kjelde: *Hus og tun gjennom tidene* av Jan Våge.

Omlag imidten av bygget er det opphavelge golvet i seinare tid erstatta med betonggolv, og tregolvet i den nordlege delen er forsterka med ståldragarar. Taket blei skifta ut i 1980-åra, og har ikkje lenger den opphavelge teglsteinen. Utvendig bordkledning er i seinare tid skifta ut, men her er truleg fleire originale vindauger i bygget. Det er uvisst når siloane blei bygd.

Innvendig er også nær sagt alt det som ein gong var ein grindløe-konstruksjon skifta ut. Utanom steinmuren løa står på, er her særst få originale detaljar att. Noko av det opphavelge tømmeret frå då løa blei bygd i 1880-åra (stav og bete) ser ut til å ha vore høvla opp på nytt og brukt opp igjen i den nyare konstruksjonen, men dei originale samanføyningane (stavøyrer og hals/hovud på bete) er sagd vekk. Elles er det berre nokre få originale skråband, ei stavlegje og golvbord igjen frå det opphavelge.

Tilstand på løa

Løa framstår i dag som i dårleg stand. Eigar opplyser sjølv om at det ikkje har blitt utført vedlikehald på løa dei siste tiåra. Taket som blei skifta i 1980-åra er i dag ikkje tett, noko som har ført til større fukt- og roteskadar på konstruksjonen.

Utvendig er kledningen dårleg fleire stader, og det er synlege sprekker i murpussen på den påbygde delen frå tidleg 1900-tal. Sprekker i murpussen indikerer imidlertid ikkje at det er større problemer med grunnmuren på bygget. Grunnmuren (inkludert den utvendige gjødselskummen) ser i det heile ut til å vere i grei stand – og utgjør slik tilstanden på løa er i dag – eit av få originale element det kan vera verdt å bevare.

På langvegg mot aust er der eit svakt punkt i muren, omtrent der løa blei forlenga i 1909. Det ser også ut til at det er blitt gjort reparasjonar på muren her i seinare tid, kor ein

har sett inn mindre steinar (sjå bilde side 16). Konstruksjonsmessig har ikkje dette vore riktig utført, og desse mindre steinane har ikkje tålt vekta av ståldragarane og betonggolvet som er blitt sett inn. Her er difor setningsskadar, men det er ikkje truleg at muren vil synke meir. Muren er heller ikkje i så dårleg stand at det er truleg at den vil rase ut ved sanering av gjødselskjellar.

Av innvendig trekonstruksjon er det på grunn av større ombygging/reparasjonar oppigjennom åra, særst lite å ta vare på av kulturhistorisk verdi. Det vesle som er igjen av den originale grindløe-konstruksjonen er som sagt for det meste høvla opp/saga til på nytt med moderne verktøy, og framstår difor ikkje i original stand. Hovuder og hals på stander og slinder er fjerna, og det som er igjen av stavleier på eine langveggen er så øydelagt av mitt og rota at det ikkje er mogleg å takast vare på.

Også det originale tregolvet og bjelkelaget i sørleg del av bygget i første etasje er i så dårleg stand at det ikkje er mogleg å gå på det, grunna øydelagde golvplankar og rote.

Bilder frå synfaring – løa



Fasade mot aust. Her ser ein tydeleg dei to byggetrinna. Til venstre med bordkledning er den eldre delen frå 1884–1888, til høgre den nyare delen i murpuss frå tidleg 1900-talet med gjødselskummen. Vindauga kan sjå ut til å vera originale.



Fasade mot sør er i grei stand, men bordkledning er ikkje original.



Delar av fasade mot vest og sør. Her ser ein den eine siloen lengst mot sør. Det er uvisst når denne blei sett opp. Kledning treng reparasjon.



Låvebru med ein silo på kvar side.



Til venstre ser ein fasade mot nord, i tillegg til nordre del av fasade mot vest og den andre av siloane. Dette er den nyare delen frå tidleg 1900-tal. Eit av vindauga her ser ut til å vera originale (det heilt til høgre).



Fasade mot nord, vindauga øvst på veggen er truleg originalt. Kledningen er ikkje original, og i noko dårleg stand.



Gjødelskummen bygd tidleg på 1900-talet. Murane er her i god stand.




Markert med raud sirkel ser ein her det svake punktet i muren på fasaden mot aust. Punktet er ca. midt på langveggen, der muren ein gong er blitt skøytt, då ein forlenga bygget tidleg på 1900-talet. Detaljane er noko vanskeleg å sjå grunna greiner og blader, men muren er her altså reparert med mindre steinar. Truleg er ikkje dette blitt gjort då bygget blei forlenga, men i seinare tid. Konstruksjonen har med dette blitt svekka, og bygget har fått setningsskadar. Muren kan her reparerast.



Detalj frå gjødselskummen i nordleg del av austvond fasade. Nede til venstre ser ein så vidt uttaksrøyr for gjødsel frå gjødselskjellar (uvisst når denne blei grava ut). Muren er her i god stand.



Frå kjellaretasje, mot sør. Originalt bjelkelag. I denne delen er det lite fukt og rote.



Kjellaretasje, mot midten av bygget.



Kjellaretasjen, nord i bygget. Her ser ein etasjeskilje i originale bjelkar og bord, forsterka med ståldragarar. Det er prega av betydeleg fukt og råte.



Kjellaretasjen nord i bygget. Gamal innreiing etter husdyrhald.




Kjellaretasjen nord i bygget. Gamal innreiing etter husdyrhald.



Nærbilde av etasjeskilje. Her ser ein at både bjelkar og bord er prega av fuktskadar.



Andre etasje mot sør, tidlegare høybrot. Golvet er i dårleg stand, og det er ikkje lenger trygt å gå på det. Her er særst få detaljar igjen frå det som ein gong har vore ei grindløe. Ut i frå materialbruk og konstruksjon kan ein sjå at det har vore utført større endringar over fleire omgangar opp igjennom åra.



Andre etasje mot sør, tidlegare høybrot. Markert med raud sirkel er to stavar som truleg har vore del av den eldre grindbyggkonstruksjonen. Opphøveleg samansettinga mellom stavar og betar er imidlertid blitt saga vekk. Av andre originale detaljar i denne delen av bygget er ei stavlegje i vegg mot vest, men denne er så øydelagt at den smuldrar opp.



Her har me gått inn heilt øvst på låvebrua, og ser mot sør. Også her ser ein nyare konstruksjon, og ingen restar er att etter den opphævelege grindløekonstruksjonen. Taket blei lagt på nytt igjen i 1980-åra. På grunn av manlande vedlikehald er ikkje taket lenger tett, noko som har ført til fukt og råte i fleire stader i konstruksjonen.



Sett frå låvebrua, mot nord.

Påverknad på kulturminnemiljø

Tiltakshavar ønsker å rive den eksisterande løa frå 1884–1888, for så å bygge den opp igjen med tilsvarende materialitet. Våningshus 2 (kårsuset) er del av planområdet, men skal stå slik det er.

Dei nye bustadane skal utgjere ein tunstruktur kring løa. Tiltakshavar ønsker her å gje løa ei sentral plassering som historieforteljande element og identitetsskapar i det nye bustadområdet. Løa får ny bruk i form av sykkelparkering, bodar, felleslokaler og leilegheiter. Historisk sett kan ein her påpeke at det på Haukeland gard var reketun, og ikkje klyngetun – som liknar det tiltakshavar legg opp til (sjå bilder på denne sida). I tillegg bør det nemnast at løa som blei bygd etter utskiftinga, historisk sett aldri har vore del av ein slik type tun. Løa stammar derimot frå ein nyare type byggeskikk.

Dei nye rekkehusa/horizontaldelte rekkehusa kjem i eit område som fram til no har vore prega av einbustadar med hagar. Slik sett blir rekkehusa eit nytt element her. Som nemnt tidlegare i rapporten (og vist på kartet på nedst på side 6) er løa eit av særskilte bygg igjen i området som vitnar om den tidlegare jordbrukshistoria, og har difor i dag betydeleg verdi som historieforteljande element i det eksisterande kulturminnemiljøet.



Litteratur og kjelder

Gunnarsjaa, Arne. 1999. *Arkitekturleksikon*. Abstrakt forlag, Oslo.

Larsen, Jacob T. 2002. *Gards- og ættesoge*. Bind 4 Fana bygdebok. Fana bygdeboknemnd, Bergen.

Hjulstad, Olav. 1975. *Byggeskikk på landsbygda*.

Våge, Jan. 2000. *Hus og tun gjennom tidene*, Landbruksbokhandelen, Ås.

Seeiendom.no

Byggesaksarkivet, Bergen kommune

Nord- og Midthordaland jordskifterettskartarkiv.

Store norske leksikon – snl.no

Universitetsbibliotekets billedsamling i Bergen – marcus.uib.no

Norgebilder.no

Bergenskart.no

Fra: [Marianne Øvreås Aasebø](#)
Til: [Huus, Rigmor](#)
Emne: Østre Nordeidbrekka
Dato: onsdag 3. juli 2019 10:59:00
Vedlegg: [image001.png](#)

Hei Rigmor,

Viser til møte ang. Kulturminnedokumentasjon for Østre Noreidbrekka 20. juni. Ser behov for en tilbakemelding på dokumentasjonen slik at vi har dokumentert det for byplanavdelingen. De har stilt krav om kulturminnedokumentasjon og rivedokumentasjon, jf. referater (oppsummert nederst).

Sender derfor en liten oppsummering av møtet vi hadde:

- I planforslaget ønsker en å rive løen og oppføre en bygning med samme volum/fotavtrykk. Bygningen skal brukes til bolig og fellesfunksjoner.
- Tilstand og autenticitet er omtalt i kulturminnedokumentasjonen. Det fremgår at løen er i dårlig stand, men at muren på løen er i god stand med unntak av ett svak punkt.
- **Kulturminnedokumentasjonen er godkjent.**
- **Kulturminnedokumentasjonen er ikke tilfredsstillende som rivingsdokumentasjon i tråd med veilederen. Det er blant annet ikke tegninger av bygningen. Det er likevel ikke nødvendig å bearbeide rivingsdokumentasjonen i forbindelse med plansaken.**
- **Det må utarbeides en tilstandsrapport for muren i forbindelse med fremtidig tiltak. Dette for at Byantikvaren kan ta stilling til riving. Riving må avklares i plansaken.**

Jf. referat Byplanavdelingen:

- Oppstartsmøte: «Det skal utarbeides en kulturminnedokumentasjon. Denne skal være godkjent av Byantikvaren før innlevering til 1. gangs behandling. Det vises til Byantikvarens veileder for kulturminnedokumentasjon;
www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/byantikvaren/9459/article-131067
- Arbeidsmøte: «I planforslaget må det fremkomme tydelig at løen skal rives og gjenoppbygges. Rivingsdokumentasjon må utarbeides og oversendes til Byantikvaren sammen med kulturminnedokumentasjonen før innlevering til 1. gangs behandling.»

Ber om tilbakemelding dersom vi har misforstått noe.

Med vennlig hilsen
Marianne Ø. Aasebø

SIVILARKITEKT/
PLANANSVARLIG

EN TIL EN
ARKIT
EKTER

ADRESSE

Øvre Korskirkesmug 2B,

INTERNETT

www.entilen-